

A portrait of Martin Luther, a German monk, theologian, and church reformer. He is shown from the chest up, wearing a dark monastic habit and a black beret. His hair is visible at the sides and back. He has a serious expression and is looking slightly to his right. The background is a mottled green.

REFORMASJON

MØRE

2017



EIT NÅDENS ÅR

Arrangement under reformasjonsjubileet i Møre, hausten 2017



Foto: Anita Grønland

Eit nådens år

«Reformasjonssongfest» i domkyrkja vår markerte opninga av dette året der nåden står i fokus. Mange strøymde til kyrkja for å ta del i salmesongen, og NRK si TV-sending ga heile bispedømmet høve til å kjenne noko av gleda og velsigninga frå salmesongen.

Eg gler meg over alle dei salmekveldar, kyrkjesongfestar og andre arrangement eg les om rundt i hele bispedømmet.

Reformasjonen førte med seg viktige endringar i kyrkjeliv og samfunnsliv.

Katekismeundervisinga ga mynde til folket og gjorde tydeleg at trua er ei gåve.

Morsmålet – eller hjartespråket – vart teken i bruk i gudstenesta, og bibelordet opna seg.

Salmesongen ga felles svar på ordet ein høyrd. «Vår Gud han er så fast ei borg» er ei av salmane Luther gav oss.

Denne trusarven frå Luther finn gjenklang og nye uttrykk i vår tid og vert formidla vidare til nye generasjonar saman med det som er velkjent og brukt i tiår etter etter tiår. Alt frå nye måtar å formidle katekismen på i undervisninga til LutherJazz med nye og gamle salmetekstar vert teken i bruk for å formidle trusarven.

Det er ei stor glede å invitere til alt det som er planlagt av arrangement dette «nådens år». Eg håpar det vil føre til ny glede over vår kristne tru og takk for trusarven vår.

Ingeborg Midttømme
Biskop i Møre

Bud kyrkje (Foto: Wikimedia commons)



Edvard Hoem



Daniel Herskedal



Beate Mordal

REFORMASJONSMARKERING I BUD 23. SEPTEMBER

«Reformasjonen – det store skiljet i kristenliv og samfunn»

Arr: Møre BDR i samarbeid med Møre og Romsdal fylke, Romsdalsmuseet, Bud sokneråd

Seminar Bud museum 12.30 – 16.00

- Historisk og kulturhistorisk utgangspunkt for reformasjonen i vårt område: «Den eldste busetnaden. Frå heidendom til kristendom» Fylkeskonservator Bjørn Ringstad
- «Reformasjonens betydning lokalt og regionalt» Mads Langnes, førstekonservator Romsdalsmuseet.
- «Å forme den protestantiske lesaren» Arne Apelseth, språk- og litteraturprofessor Høgskulen i Volda
- «Arven etter Hans Nielsen Hauge: sosial, politisk, økonomisk og religiøs reformasjon» Ola Honningdal Grytten, professor i økonomisk historie ved NHH i Bergen.
- «Entreprenørskap som misjonsstrategi» Heidi Westborg Steel, generalsekretær Himalpartner
- Oppsummering ved biskop Ingeborg Midttømme

Reformasjonsfest i Bud kyrkje 18.00 – 20.30:

- Edvar Hoem: «Frå Luther til Hauge - kristenliv og samfunn i Noreg»
- «Gjenklang frå Veøy» Konsert med Daniel Herskedal, Møremusikarane, Beate Mordal, Gule blandakor v/ dirigent Bjarne Harøy, og museumsdirektør Jarle Sanden

Pris: kr 100 for seminar/ kr 200 for festkveld/ kr 250 for hele dagen. Sal av kaffi og kaker.

Høgskolekoret i Volda. (Foto: Høgskolen i Volda)

Volda kyrkje. (Foto: Digitalt museum)



REFORMASJONSMARKERING I VOLDA 21. OKTOBER

«Reformasjon i kultur, song og kunnskap»

Arr: Møre BDR og Høgskulen i Volda

12.00 Luther-song i Volda kyrkje

Møte med lutherske salmar; nokre i ny omsetjing og tonesetjing.

Fagdag i Berte Kanutte-huset 13.00 – 18.00 (Påmelding, deltakaravgift kr 250)

- Lunsj
- «Nåde hjå Luther og i populærkulturen» Kjartan Leer Salvesen og Ralph Meier, førsteamenuensar ved Høgskulen i Volda.
Bibelfortejningar dukkar på uventa vis opp i populærkulturen. Kva tenkte Luther om nåde, og korleis vert nåde formidla i moderne populærkultur? Kva har dette å seie for verdiformidling og forkynning?
- «Luthersk trusopplæring?» Per Halse, førsteamenuensis ved Høgskulen i Volda.
Presentasjon av trusopplæringsverket «Martins vidundelige verden» av Willem Vogelaar.
Martin Luthers vesle katekisme var grunnboka for norsk barnelærdom gjennom fleire hundreår. Har ho gått ut på dato? I kva grad kan eller bør trusopplæringa vere luthersk, og korleis er det i praksis?
- «Klang av tru» Dosent Jan Ove Ulstein, kantor Rose Iren Stave, trusopplærar Anna Myklebust. Etter ei innføring om luthersk salmetradisjon vert det delt erfaringar om bruk av salmar i gudstenestefeiring og trusopplæring. Kan tru syngast inn, og i så fall korleis?
- Middag

19.00 Koncert i Volda kyrkje

Felix Mendelssohn Bartholdys symfonikantate «Lobgesang».

Høgskulekoret og Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda

Temagudstenester

Gjennom hausten 2017 er det planlagt 4 temagudstenester i alle kyrkjene i bispedømet. Saman med andre lutherske kyrkjer, har Den norske kyrkja valt å formulere fire tema for desse gudstenestene.



27. august er
Nåden åleine tema for alle
gudstenestene i bispedøm-
met. Biskopen vil då ta del
på feiringa i Volda kyrkje.



17. september er tema
**Skaparverket er ikke til
sals,** i alle kyrkjer.
Biskopen deltek på guds-
teneste i Ålesund kirke.



15. oktober/ 29. oktober

Frelsa er ikke til sals.

Temagudsteneste i alle kyrkjer. Biskopen deltek under reformasjonsfeiring og kyrkjesongfest i Molde domkirke 29.10.



19. november

er tema i alle kyrkjer

Menneske er ikke til sals.

Biskopen tek del i guds-tenestefeiringa i Kirklandet kirke i Kristiansund.



Foto frå framsyninga.

Framsyningar om Nåde

Teaterframsyninga som vises i Møre er «**Korfor er det så mørkt her**». I forestillinga møter vi karakterane Mo og Bo som på ein ærlig og mangefasetta belyser begrepet «Nåde». Trekk frå fleire bibelfortellinga vert aktualisert av rollefigurane. Ei forestilling uten klare svar, men som rørar! Heldige er dei 14-15 åringene som får sjå forestillinga.

Heile 28 forestillinga blir vist i oktober og november – kanskje i ei kyrkje nær deg? Premiera vert i Ørsta kyrkje 18.oktober

Happy Monks productions i samarbeid med Barneteatret vårt

Skodespelarar: Inger Bakke og Viggo Solum
Forfattar: Marit Ovidia Kaldhol
Scenograf og kostymedesignar: Solveig Fagermo
Komponist og musikar: Stian Omenås

Uke Prosti

- 42 Søre Sunnmøre prosti
- 43 Nordre Sunnmøre prosti
- 44 Austre Sunnmøre prosti og Molde domprosti
- 45 Indre Romsdal prosti og Ytre Nordmøre prosti
- 46 Ytre Nordmøre og Indre Nordmøre Prosti

Spillestader

- Ørsta, Volda, Ulstein og Herøy
- Spjelkavik, Volsdalen, Valderøy
- Ørskog, Stranda, Myrbostad
- Holm og Innfjorden kapell, Eide,
- Frei, Kirkelandet, Averøy, Aure,
Surnadal, Rindal, Tingvöll/
Straumsnes

Andre arrangement

Kyrkjesongfest i Molde domkirke 28.-29. oktober

Kyrkjekor frå heile bispedømet framfører tingingsverk av Bert Handrick med tekster av Jan Ove Ulstein.

Arr: Norges kirkесang forbund - Møre



Møre-kortreff i Spjelkavik kyrkje

10.-12.november

Storsamling for kyrkjelege barne- og ungdomskor i Møre.

Framføring av «Nådemesse», eit tingingsverk av

Odd Johan Overøye og Arve Brunvoll.

Arr: Ung kyrkjesong Møre



Salmekveldar

Det er utarbeidd ressursmateriale til gjennomføring av salmekveldar i kyrkjelydane.

Sjå Møre bispedøme si heimeside kirken.no/more

For meir utfyllande informasjon om reformasjonsmarkeringane i Møre: kirken.no/more

Luther-rosa

er eit velkjend og mykje brukt symbol i den Lutherske kyrkja. I 1520 vart Luther oppmoda om å lage eit symbol som skulle spegle trua hans, og som mellom anna skulle brukast på skriftene og bøkene ha ga ut og på ein signetring som kurfyrst Johann Friedrich av Sachsen ville gje han i takksemd. Luther hadde sjølv denne forklaringa på symbolikken i rosa: Innanfor ein gyllen sirkel på himmelblå bakgrunn er ei femblaða kvit rose. I midten eit raudt hjarte med ein svart kross. Symbola viser til Rom. 10,10, Rom. 1,17, Joh. 14,27, Matt 28,3 og Joh 20,12.

Luther si rose finn ein og på stolaen til dei to bispekråpene som kunstnaren Borgny Svalastog har laga til Møre bispedøme. Begge har stolaens to stolpar i front og på stolaens bakstykke er det montert eit skjold som vernar biskopens rygg. Stolpar og skjold har vakre broderi av Lutherrosa og motiv frå Det nye testamentet.

